

**Utval:** Fylkestinget  
**Møtestad:** Grand Hotel Terminus, Bergen  
**Dato:** 01.10.2019  
**Tidspunkt:** 11:00-16:40

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A	
Siri Klokkestuen	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Espen Berntsen	Medlem	A	
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	Til kl. 15:45
Gro Berge	Medlem	A	
Terje Søviknes	Medlem	FRP	
Roald Stenseide	Medlem	FRP	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Gustav Bahun	Medlem	FRP	
Gunnar Bakke	Medlem	FRP	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP	
Rosalind Fosse	Medlem	FRP	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H	
Olav Kvinge	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
May Eva Sandvik	Medlem	H	
John Helge Gullaksen	Medlem	H	
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KRF	
Tor Andrè Ljosland	Medlem	KRF	
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF	
Kristian Helland	Medlem	KRF	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Benthe Bondhus	Medlem	SP	
Jon Askeland	Medlem	SP	
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	

Aud Karin Oen	Medlem	SV
Marthe Hammer	Medlem	SV
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV
Anne Beth Njærheim	Medlem	V
Geir Kjell Andersland	Medlem	V
Geir Angeltveit	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Reprenterere
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Terje Kollbotn	Medlem	R
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Torgeir Toppe	Medlem	A
Ragnhild Hoff Eilertsen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Reprenterere
Kari Foseid Aakre	Ragnhild Hoff Eilertsen	A
Øyvind Hardeland	Åse Gunn Husebø	A
Shirin Kvernes Khadoor	Torgeir Toppe	A
Gunnar Wejset Ramsdal	Rasmus Laupsa Rasmussen	A
Jarle Jacobsen	Astrid Aarhus Byrknes	KRF
Jeanette Syversen	Terje Kollbotn	R

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ingrid Holm Svendsen	Konstituert fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Konstituert fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellestenester
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Dianne Kilvær	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Marielle Solheim	Administrativ sekretær fylkessekretariatet
Ole Gunnar Nesse	IKT-konsulent, IT-seksjonen
Anders Nesbø Prestegard	IKT-konsulent, IT-seksjonen
Bjarte Brask Eriksen	Seniorrådgjevar kommunikasjonsrådgjeving
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg  
sekretær

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 62/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 63/19	Opning av fylkestinget		
PS 64/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 21/19	Kutt i klimagassutslepp frå oppdrettsanlegg	2019/16503	
RS 22/19	Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme	2016/2578	
RS 23/19	Løypemelding for plaststrategi	2019/16093	
RS 24/19	Økonomiske fylgjer ved overgang til LED-lys på fylkesvegane i Hordaland	2019/10878	
PS 65/19	Interpellasjonar/spørsmål		
FO 17/19	Spørsmål til fylkestinget frå Aadland (H) - Bybanen til Bergen lufthavn Flesland - behov for tidlegare avgangar	2019/17483	
PS 66/19	Forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) - Revisjonsrapport	2018/17548	
PS 67/19	Selskapskontroll av Bybanen AS - Revisjonsrapport	2016/11222	
PS 68/19	Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging - Revisjonsrapport	2018/14427	
PS 69/19	Selskapskontroll av VIGO IKS - Revisjonsrapport	2017/4190	
PS 70/19	Tertialrapport pr. august 2019 - rekneskapsprognose	2019/16814	
PS 71/19	Finansrapport 2. tertial 2019	2014/927	
PS 72/19	Godkjenning av prosjektrekneskap	2015/12709	
PS 73/19	Oppfølging av verbalpunkt 2019 - Kutt i klimagassutslepp og meir satsing på fornybar energi	2019/16219	
PS 74/19	Nasjonale ramme for vindkraft	2019/10233	
PS 75/19	Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020	2017/1228	
PS 76/19	Friskulelova- fylkeskommunen sin rolle ved sanksjonar	2019/16102	
PS 77/19	Eigedom på Fløksand i Meland kommune - godkjenning av ny kjøpekontrakt	2014/17256	
PS 78/19	Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2019	2016/9267	
PS 79/19	Passasjerbetaling på fylkesvegferjer med AutoPass	2015/11763	
PS 80/19	Ymse		
PS 81/19	Oppretthald ressursfordelinga	2019/17676	

## PS 62/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

### Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

Jeanette Syversen (R) sette på vegner av R fram slik protokollmerknad:

«Hordaland fylkesting er nok eingong innkalla når det er skuleferie (i dette tilfelle haustferie) i deler av fylket. For fylkestingsrepresentantar som er foreldre eller besteforeldre til skuleelevar, er dette

særs uheldig. Den komande fylkesordføraren og fylkesrådmannen for Vestland fylke bør syte for at møteplanen for Vestland fylkesting ikkje kolliderer med haustferie eller vinterferie i noen deler av det nye fylket.»

## **Vedtak**

Innkallinga og saklista vart godkjend.

### **Protokollmerknad**

Hordaland fylkesting er nok eingong innkalla når det er skuleferie (i dette tilfelle haustferie) i deler av fylket. For fylkestingsrepresentantar som er foreldre eller besteforeldre til skuleelevar, er dette særs uheldig. Den komande fylkesordføraren og fylkesrådmannen for Vestland fylke bør syte for at møteplanen for Vestland fylkesting ikkje kolliderer med haustferie eller vinterferie i noen deler av det nye fylket.

## **PS 63/19 Opning av fylkestinget**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

Fylkestinget vart lovleg sett.

Til godkjenne møteboka saman med fylkesordføraren vart Roald Kvamme (A) og Anne Beth Njærheim (V) valde.

Fylkestinget vart opna med kunstnarleg innslag av Den Nationale Scene.

Fylkesordførar las minneord for tidlegare fylkesordførar Magnar Lussand, Sp, som gjekk bort 24. september 2019.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.  
Fylkesrådmannen heldt sin tale.

## **PS 64/19 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

RS 21-24/19 vart refererte.

## **PS 65/19 Interpellasjonar/spørsmål**

**FO 17/19 Spørsmål til fylkestinget frå Aadland (H) - Bybanen til Bergen lufthavn Flesland - behov for tidlegare avgangar**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren tilrår at spørsmålet vert sendt over til Vestland fylkesting.»

## PS 66/19 Forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) - Revisjonsrapport

### Forslag til innstilling

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Etablere skriftlege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning for å sikre at praksis for saksbehandling av søknader samsvarer med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga, til dømes rutinar som skal sikre:
  - at saksbehandlarane si habilitet blir vurdert ved fordeling av søknader for behandling
  - at det er tydeleg både for søkjarar og saksbehandlar kva søknader som kan bli behandla administrativt og kva søknader som skal vurderast av legenemnda
  - at søknadene blir behandla utan ugrunna opphald
  - at det blir sendt ut førebels svar om søknaden ikkje kan svarast på innan fire veker, med informasjon om kva som er årsaka til at søknaden ikkje kan bli behandla tidlegare i samsvar med forvaltningslova § 11 a
  - at saksbehandlarar og legane i legenemnda blir gitt god rettleiing for kva som skal (og ikkje skal) vektleggast ved vurdering av søknadane og utforming av vedtak
  - at opplysningar av betydning for saka, og som blir formidla munnleg, blir nedteikna skriftleg
  - at det er lik praksis når det gjeld i kva tilfelle fylkeskommunen skal etterspørje tilleggsopplysningar for å behandle ein søknad, og i kva tilfelle søknader kan bli avvist på bakgrunn av manglande dokumentasjon
  - at vedtak blir
  - grunngjeve og at det blir vist til relevante reglar som vedtaket byggjer på i samsvar med forvaltningslova § 25
  - at praksis for fornying av TT-kort er i samsvar med krav i forvaltningslov og personvernlovgiving
  - at førebuinga av klagesaker er lik uavhengig av saksbehandlar og at instansane som skal vurdere klagesaker er informert om dei vilkåra sakene skal vurderast på bakgrunn av
2. Sikre at informasjon gitt til søkjarane, mellom anna i brev og på fylkeskommunen sine nettsider, er korrekt og i samsvar med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga.
3. Vurdere om søknadsskjema og legeerklæringsskjema er tilpassa alle brukargrubbene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar at dei legger til rette for likebehandling av søknader uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemming.
4. Utbetre statistikken som blir ført over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda.
5. Greie ut nærmare kva behandlingsgrunnlag fylkeskommunen har for å behandle helseopplysningar i samband med behandling av søknader om TT-godkjenning, og sikrar at alle søkjarar signerer personvernerklæringa dersom behandlingsgrunnlaget skal vere samtykke frå den enkelte brukar.
6. Etablere rutinar for melding av avvik og oppfølging av desse som ein del av forbetningsarbeidet.
7. Vurdere tiltak for å styrke involveringa av brukarorganisasjonar i utviklinga av TT-ordninga og nytte innspel frå brukarane til evaluering og forbetring av tenesta.
8. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.09.2019

### Røysting

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Etablere skriftlege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning for å sikre at praksis for saksbehandling av søknader samsvarer med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga, til dømes rutinar som skal sikre:
  - at saksbehandlarane si habilitet blir vurdert ved fordeling av søknader for behandling
  - at det er tydeleg både for søkjarar og saksbehandlar kva søknader som kan bli behandla administrativt og kva søknader som skal vurderast av legenemnda
  - at søknadene blir behandla utan ugrunna opphald
  - at det blir sendt ut førebels svar om søknaden ikkje kan svarast på innan fire veker, med informasjon om kva som er årsaka til at søknaden ikkje kan bli behandla tidlegare i samsvar med forvaltningslova § 11 a
  - at saksbehandlarar og legane i legenemnda blir gitt god rettleiing for kva som skal (og ikkje skal) vektleggast ved vurdering av søknadane og utforming av vedtak
  - at opplysningar av betydning for saka, og som blir formidla munnleg, blir nedteikna skriftleg
  - at det er lik praksis når det gjeld i kva tilfelle fylkeskommunen skal etterspørje tilleggsopplysningar for å behandle ein søknad, og i kva tilfelle søknader kan bli avvist på bakgrunn av manglande dokumentasjon
  - at vedtak blir grunngjeve og at det blir vist til relevante reglar som vedtaket byggjer på i samsvar med forvaltningslova § 25
  - at praksis for fornying av TT-kort er i samsvar med krav i forvaltningslov og personvernlovgiving
  - at førebuinga av klagesaker er lik uavhengig av saksbehandlar og at instansane som skal vurdere klagesaker er informert om dei vilkåra sakene skal vurderast på bakgrunn av
2. Sikre at informasjon gitt til søkjarane, mellom anna i brev og på fylkeskommunen sine nettsider, er korrekt og i samsvar med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga.
3. Vurdere om søknadsskjema og legeerklæringsskjema er tilpassa alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar at dei legger til rette for likebehandling av søknader uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemming.
4. Utbetre statistikken som blir ført over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda.
5. Greie ut nærmare kva behandlingsgrunnlag fylkeskommunen har for å behandle helseopplysningar i samband med behandling av søknader om TT-godkjenning, og sikrar at alle søkjarar signerer personvernerklæringa dersom behandlingsgrunnlaget skal vere samtykke frå den enkelte brukar.
6. Etablere rutinar for melding av avvik og oppfølging av desse som ein del av forbetningsarbeidet.
7. Vurdere tiltak for å styrke involveringa av brukarorganisasjonar i utviklinga av TT-ordninga og nytte innspel frå brukarane til evaluering og forbetring av tenesta.
8. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

Manager Frode Løvlie frå Deloitte presenterte revisjonsrapporten.

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Etablere skriftlege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning for å sikre at praksis for saksbehandling av søknader samsvarer med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga, til dømes rutinar som skal sikre:
  - at saksbehandlarane si habilitet blir vurdert ved fordeling av søknader for behandling
  - at det er tydeleg både for søkjarar og saksbehandlar kva søknader som kan bli behandla administrativt og kva søknader som skal vurderast av legenemnda
  - at søknadene blir behandla utan ugrunna opphald
  - at det blir sendt ut førebels svar om søknaden ikkje kan svarast på innan fire veker, med informasjon om kva som er årsaka til at søknaden ikkje kan bli behandla tidlegare i samsvar med forvaltningslova § 11 a
  - at saksbehandlarar og legane i legenemnda blir gitt god rettleiing for kva som skal (og ikkje skal) vektleggast ved vurdering av søknadane og utforming av vedtak
  - at opplysningar av betydning for saka, og som blir formidla munnleg, blir nedteikna skriftleg
  - at det er lik praksis når det gjeld i kva tilfelle fylkeskommunen skal etterspørje tilleggsopplysningar for å behandle ein søknad, og i kva tilfelle søknader kan bli avvist på bakgrunn av manglande dokumentasjon
  - at vedtak blir grunngjeve og at det blir vist til relevante reglar som vedtaket byggjer på i samsvar med forvaltningslova § 25
  - at praksis for fornying av TT-kort er i samsvar med krav i forvaltningslov og personvernlovgiving
  - at førebuinga av klagesaker er lik uavhengig av saksbehandlar og at instansane som skal vurdere klagesaker er informert om dei vilkåra sakene skal vurderast på bakgrunn av
2. Sikre at informasjon gitt til søkjarane, mellom anna i brev og på fylkeskommunen sine nettsider, er korrekt og i samsvar med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga.
3. Vurdere om søknadsskjema og legeerklærings skjema er tilpassa alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar at dei legger til rette for likebehandling av søknader uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemming.
4. Utbetre statistikken som blir ført over talet på klager og vedtak som blir endra utan behandling i klagenemnda.
5. Greie ut nærmare kva behandlingsgrunnlag fylkeskommunen har for å behandle helseopplysningar i samband med behandling av søknader om TT-godkjenning, og sikrar at alle søkjarar signerer personvernerklæringa dersom behandlingsgrunnlaget skal vere samtykke frå den enkelte brukar.
6. Etablere rutinar for melding av avvik og oppfølging av desse som ein del av forbetningsarbeidet.
7. Vurdere tiltak for å styrke involveringa av brukarorganisasjonar i utviklinga av TT-ordninga og nytte innspel frå brukarane til evaluering og forbetring av tenesta.

8. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 67/19 Selskapskontroll av Bybanen AS - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutine for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
  - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
  - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.



## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.09.2019

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Birte Bjørkelo, presenterte resultatet av den gjennomførte selskapskontrollen av Bybanen AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

### Røysting

Kontrollutvalet vart samde om å føye til dette i punkt 2 i innstillinga som gjeld fylkesrådmannen: «.....,inkludert formalisering av storleiken på overskotet.»

Etter dette vart slik innstilling samrøystes vedteke.

### Innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS, inkludert formalisering av storleiken på overskotet.
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutine for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
  - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
  - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane

7. Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

Manager Frode Løvlie frå Deloitte presenterte revisjonsrapporten.

**Mona Røsvik Strømme (H) og Tor André Ljosland (KrF)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi dei er styremedlem i Bybanen AS. **Kari Foseide Aakre (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er varamedlem i Bybanen AS. Strømme, Ljosland og Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme og Tor André Ljosland var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e). Fylkestinget vedtok samrøystes at Kari Foseide Aakre ikkje var inhabil.

Mona Røsvik Strømme og Tor André Ljosland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 55 representantar til stades.

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS, inkludert formalisering av storleiken på overskotet.
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutine for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen

5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
  - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
  - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 68/19 Forvaltningsrevisjon av Bybanen utbygging - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
  - a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og
  - b. dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.
2. Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.
3. Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinnet, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadar som skal vidarefakturerast og når kostnadane skal betalast inn.
4. Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringsspunkt det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarende kontraktar.
5. At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenetert i Hordaland fylkeskommune.
6. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.06.2019**

#### **Røysting**

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## Innstilling

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
  - a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og
  - b. dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar..
2. Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.
3. Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinn, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadar som skal vidarefakturerast og når kostnadane skal betalast inn.
4. Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringpunkt som det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarande kontraktar.
5. At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenteret i Hordaland fylkeskommune.
6. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

**Mona Røsvik Strømme (H) og Tor André Ljosland (KrF)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi dei er styremedlem i Bybanen AS. **Kari Foseide Aakre (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er varamedlem i Bybanen AS. **Stein Inge Ryssdal (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er tilsett i Bybanen Utbygging. Strømme, Ljosland, Aakre og Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme, Tor André Ljosland, Kari Foseide Aakre og Stein Inge Ryssdal ikkje var inhabile.

## Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

På bakgrunn av rapport om forvaltningsrevisjon av Bybanen Utbygging ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. At det vert utarbeidd skriftlege rutinar knytt til:
  - a. dei ulike oppgåvene som inngår i hovudprosessar for byggetrinn i BU sitt kvalitetssystem, og
  - b. dei delane av anskaffingsprosessen der det er identifisert behov for nye/reviderte rutinar.

2. Etablere systematiske kontrollar for å undersøke og følgje opp at etablerte rutinar og malar for gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver blir nytta i samsvar med intensjonen.
3. Sørge for at det blir utarbeidd tilstrekkeleg med system og rutinar for å halde oversikt over inntekter i byggetrinnet, under dette oversikt over kva utgifter dei ulike involverte aktørane skal betale for, samt rutinar for å berekne dei kostnadar som skal vidarefakturerast og når kostnadane skal betalast inn.
4. Evaluere prosessane knytt til inngåing av prosjekteringskontrakt for byggetrinn 4, og gjennomfører analysar av om det i samband med inngåing av denne type kontraktar finst relevant forbetringpunkt som det er viktig at BU tek omsyn til i seinare prosessar for inngåing av tilsvarande kontraktar.
5. At det vert arbeidd vidare med å løyse utfordringane når det gjeld samhandling med Bane NOR og oversending av relevante anskaffingsrettslege dokument til BU frå dokumentsenteret i Hordaland fylkeskommune.
6. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 69/19 Selskapskontroll av VIGO IKS - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune.
2. Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.06.2019**

#### **Røysting**

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune.
2. Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

#### **Røysting**

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

1. Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune.
2. Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke.

## PS 70/19 Tertialrapport pr. august 2019 - rekneskapsprognose

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2019 vert endra slik:
  - a) Drift: Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar		80 000 000
02100	310 235 00	07803	Bybanevogner	42 500 000	
09100	790 100 00	09982	Lån	22 500 000	
07290	790 110 00	09982	Momskompensasjon	15 000 000	
				80 000 000	80 000 000

3. Fylkestinget sluttar seg til dei grepa og innstrammingane for siste tertial som fylkesrådmannen set i for å betre den økonomiske stoda.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

## Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2019 vert endra slik:
  - a) Drift: Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar		80 000 000
02100	310 235 00	07803	Bybanevogner	42 500 000	
09100	790 100 00	09982	Lån	22 500 000	
07290	790 110 00	09982	Momskompensasjon	15 000 000	
				80 000 000	80 000 000

3. Fylkestinget sluttar seg til dei grepa og innstrammingane for siste tertial som fylkesrådmannen set i for å betre den økonomiske stoda.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2019 vert endra slik:
  - a) Drift: Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar		80 000 000
02100	310 235 00	07803	Bybanevogner	42 500 000	
09100	790 100 00	09982	Lån	22 500 000	
07290	790 110 00	09982	Momskompensasjon	15 000 000	
				80 000 000	80 000 000

3. Fylkestinget sluttar seg til dei grepa og innstrammingane for siste tertial som fylkesrådmannen set i for å betre den økonomiske stoda.

## **PS 71/19 Finansrapport 2. tertial 2019**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2019 til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2019 til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2019 til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2019 til orientering.

## **PS 72/19 Godkjenning av prosjektrekneskap**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet for prosjektet Bg. Handelsgym - rehab./VO - Bg.katedralskole

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet for prosjektet Bg. Handelsgym - rehab./VO - Bg.katedralskole

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.



## Vedtak

Fylkestinget godkjenner rekneskapet for prosjektet Bg. Handelsgym - rehab./VO - Bg.katedralskole.

## PS 73/19 Oppfølging av verbalpunkt 2019 - Kutt i klimagassutslepp og meir satsing på fornybar energi

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ser det som avgjerande at staten belønner fylkeskommunane for utsleppskutt i kollektivsektoren i statsbudsjettet for 2020.
2. Fylkestinget ber om at staten betalar eit tilskot på 1000 kroner pr. tonn CO2 som fylkeskommunane kuttar i kollektivtransport både til lands og på sjø, jmf resolusjon frå fylkestinget oktober 2018.
3. Fylkestinget oppmodar dei politiske partia til å jobbe for å styrke finansieringa av fossilfri kollektivtransport og andre tiltak som kan gje reduksjon i klimagassutslepp.
4. Administrasjonen skal bruke eksisterande verkemidlar og nettverk og organisasjonar til breitt samarbeid nasjonalt og lokalt med kommunar, næringsliv og interesseorganisasjonar om styrka finansiering av tiltak som kan gje reduksjon i klimautslepp gjennom auka bruk og produksjon av fornybar energi her under biogass, hydrogen.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019

#### Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune ser det som avgjerande at staten belønner fylkeskommunane for utsleppskutt i kollektivsektoren i statsbudsjettet for 2020.
2. Fylkestinget ber om at staten betalar eit tilskot på 1000 kroner pr. tonn CO2 som fylkeskommunane kuttar i kollektivtransport både til lands og på sjø, jmf resolusjon frå fylkestinget oktober 2018.
3. Fylkestinget oppmodar dei politiske partia til å jobbe for å styrke finansieringa av fossilfri kollektivtransport og andre tiltak som kan gje reduksjon i klimagassutslepp.
4. Administrasjonen skal bruke eksisterande verkemidlar og nettverk og organisasjonar til breitt samarbeid nasjonalt og lokalt med kommunar, næringsliv og interesseorganisasjonar om styrka finansiering av tiltak som kan gje reduksjon i klimautslepp gjennom auka bruk og produksjon av fornybar energi her under biogass, hydrogen.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget oppmodar om at fylkesrådmann for Nye Vestland startar arbeidet med å utarbeide ein strategi for å nå målet om utslippsfri Vestland fylke 2030.»

## Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Golis sitt forslag fekk 38 røyster (A, Sp, KrF, SV, R, V, MDG) og vart vedteke.

## Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ser det som avgjerande at staten belønner fylkeskommunane for utsleppskutt i kollektivsektoren i statsbudsjettet for 2020.
2. Fylkestinget ber om at staten betalar eit tilskot på 1000 kroner pr. tonn CO2 som fylkeskommunane kuttar i kollektivtransport både til lands og på sjø, jmf resolusjon frå fylkestinget oktober 2018.
3. Fylkestinget oppmodar dei politiske partia til å jobbe for å styrke finansieringa av fossilfri kollektivtransport og andre tiltak som kan gje reduksjon i klimagassutslepp.
4. Administrasjonen skal bruke eksisterande verkemidlar og nettverk og organisasjonar til breitt samarbeid nasjonalt og lokalt med kommunar, næringsliv og interesseorganisasjonar om styrka finansiering av tiltak som kan gje reduksjon i klimautslepp gjennom auka bruk og produksjon av fornybar energi her under biogass, hydrogen.
5. Fylkestinget oppmodar om at fylkesrådmann for Nye Vestland startar arbeidet med å utarbeide ein strategi for å nå målet om utslippsfri Vestland fylke 2030.

## PS 74/19 Nasjonal ramme for vindkraft

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ser behov for ny fornybar energi og er positiv til heilskapleg planlegging og kunnskapsløftet nasjonal ramme for vindkraft er. Fylkeskommunen meiner metodeutfordringane i nasjonal ramme er store og rår til å fjerne dei 13 kartfesta delområda frå ramma.
2. Hordaland fylkeskommune ser kulturminne som eit av fleire verkty som nyttast i heilskapleg, regional utvikling. Nasjonal ramme for vindkraft kan medføre skader for kulturminne i uakseptabel utstrekning.
3. Nasjonal ramme for vindkraft har for stor uvisse og vesentlege manglar i utgreiinga. Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premiss og metode i utgreiing av kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune har merknader til kulturminne som må leggjast til grunn i det følgjande:
  - a. Vindkraftutbygging må ikkje få negativ verknad på dei tre utvalde Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland som kan verte råka (Etne, Rosendal, Den Indre Farleia).
  - b. Fjordbassenget kring Halsnøy, fjellryggen mellom Etne og Skånevik, Årbakka og området på begge sider av Lukksundet, og Uggdalsdalen er område med høge kulturminneverdiar, som må takast omsyn til.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 11.09.2019

**Gunnar Bakke** (Frp) sette fram følgjande felles forslag på vegner av utvalet:

- «1. Hordaland fylkeskommune ser behovet for fornybar energi og er positiv til at det vert arbeidd med nasjonale rammer for vindkraft.
2. Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs og er difor imot at det etablerast rammer for i Hordaland fylke.
3. Hordaland fylkeskommune vil unngå sårbar natur og landskap for friluftsliv, reiseliv og kulturminne blir utsatt for vindkraftutbygging og dermed øydelagt for framtida.
4. Hordaland fylkeskommune krev alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for Vindkraft. Det er særst omfattande konflikhtar knytt til planane, m.a. vedrørande regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv.

5. Den føreslåtte Nasjonalramma for vindkraft frå NVE har vesentlege manglar i utgreiinga og Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premissar og metodar som er lagt til grunn i utgreiinga.»

## Røysting

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

## Innstilling

- 1 Hordaland fylkeskommune ser behovet for fornybar energi og er positiv til at det vert arbeidd med nasjonale rammer for vindkraft.
- 2 Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs og er difor imot at det etablerast rammer for i Hordaland fylke.
- 3 Hordaland fylkeskommune vil unngå sårbar natur og landskap for friluftsliv, reiseliv og kulturminne blir utsatt for vindkraftutbygging og dermed øydelagt for framtida.
- 4 Hordaland fylkeskommune krev alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for Vindkraft. Det er særst omfattande konflikter knytt til planane, m.a. vedrørande regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv.
- 5 Den føreslåtte Nasjonalramma for vindkraft frå NVE har vesentlege manglar i utgreiinga og Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premissar og metodar som er lagt til grunn i utgreiinga.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp, H og V slikt forslag:

«Endring i punkt 2:

Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs, og er difor imot at det etablerast rammer for vindkraft på land i Hordaland fylke.»

## Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga med Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

## Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune ser behovet for fornybar energi og er positiv til at det vert arbeidd med nasjonale rammer for vindkraft.
2. Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs, og er difor imot at det etablerast rammer for vindkraft på land i Hordaland fylke.
3. Hordaland fylkeskommune vil unngå sårbar natur og landskap for friluftsliv, reiseliv og kulturminne blir utsatt for vindkraftutbygging og dermed øydelagt for framtida.
4. Hordaland fylkeskommune krev alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for Vindkraft. Det er særst omfattande konflikter knytt til planane, m.a. vedrørande regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv.
5. Den føreslåtte Nasjonalramma for vindkraft frå NVE har vesentlege manglar i utgreiinga og Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premissar og metodar som er lagt til grunn i utgreiinga.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

**Øyvind Strømmen, MDG**, sette fram slikt forslag:

«Endring:

Pkt 1: Som i innstilling.

Alternativt framlegg, pkt. 2:

Hordaland fylkeskommune peiker på at vindkraft til havs har større potensial, og at det bør vera eit nasjonalt satsingsområde. Samstundes må andre interesser - inkludert både næringsinteresser og natur - ivaretakast også i høve offshore vind.

Alternativt framlegg, pkt. 3:

Hordaland fylkeskommune vil unngå at urørt natur, sårbar natur, viktige friluftsområde, reiseliv og kulturminne vert råka av vindkraftutbygging. Framtidig landbasert vindkraft bør leggjast i område med eksisterande inngrep og infrastruktur, og det må leggjast vekt på skånsemd og lokal involvering.

Alternativt framlegg, pkt. 4:

Hordaland fylkeskommunen peiker på særse omfattande konflikter for baa dei to områda i Hordaland som er inkludert i den nasjonale ramma, delområde 50 (Nordhordland og Gulen) og delområde 51 (Sunnhordland og Haugalandet). Dette gjeld mellom anna regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv. Hordaland fylkeskommune forventar difor at desse vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft.

Pkt 5: Som i innstilling

Framlegg til nytt pkt. 6:

Hordaland fylkeskommune knyter særlege merknader til kulturminneverdiar:

- a. Etne, Rosendal og indre farleia er kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.
- b. fjordbassenget kring Halsnøy, fjellryggen mellom Etne og Skånevik, Årbakka og området på begge sider av Lukksundet, samt Uggdalsdalen er område med høge kulturminneverdiar, som må takast omsyn til.»

**Marthe Hammer, SV**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hordaland fylkesting vil innleiingsvis kommentere at prosessen med framlegging av nasjonal ramme har vore prega av hastverk og demokratiunderskot.
2. Rammen leverer ein kunnskapsoppsummering i form av temarapportar som er interessant og viktig, men som også avdekkar til dels avgjerande manglar:
  1. I mai 2019 kom FN sitt naturpanel med beskjed om at tap av urørt natur og artsmangfald representerer ein like stor trussel som klimatrusselen. Dette er ny og alvorlig kunnskap som må ligge til grunn for den vidare forvaltninga av vindkraft på land. Vindkraft på land er industrianlegg som påvirkar landskap, natur- og friluftsverdiar på ein dramatisk måte. Norge har eit unikt landskap og ein essensiell del er dei større samanhengande områda med urørt preg som har avgjerande betydning ikkje bare for landskap, men enda viktigare, for å sikre eit representativt utval av norsk naturmangfald. Vi veit at arealendringar er den største driveren av tap av naturmangfald. Nasjonal ramme for vindkraft ble presentert før FN's Naturpanel kom med sin rapport og kunnskapsgrunnlaget og tilrådingane i den nasjonale ramma er slik sett utdatert, da ramma ikkje tar innover seg alvoret i FN's naturpanel.
  2. Hordaland fylkesting meiner at i staden for at nasjonal ramme for vindkraft bidrar til å opne opp for vidare utbygging av vindkraft på land, så treng vi i staden ein plan som sikrar verdifulle natur- og friluftsområder frå utbygging av landbasert vindkraft, slik

Forum for natur og friluftsliv har etterspurt. Nasjonal ramme må endrast til å bli eit kart som viser kva for områder vi ikkje skal ha vindkraftverk på land. Ein verneplan for kyst- og fjelllandskap mot vindkraftutbygging og tyngre, tekniske inngrep. Dette vil også gjere konsesjonsprosessen mer effektiv, ved at ein tidleg kan seie nei til vindkraftutbygging.

3. Konsesjonsprosessen. Erfaring frå allereie gitte konsesjonar til utbygging av vindkraftverk og vannkraftverk avslører mangelfulle naturkartleggingar, og at miljø og naturhensyn ikkje er tilstrekkelig ivaretatt. I tillegg gis det i dag såkalte «opne» konsesjoner, noe som gir utbyggar fleksibilitet til å få mest mulig kraft ut av området, med den ulempe at prosjekta ofte endrar karakter, omfang, størrelse, og som gjer at naturkartleggingane som gjøres fort blir utdatert og upålitelige.
4. For større samanhengande naturområder oppsummerer Nasjonal ramme med at Miljødirektoratet tilrår at det utarbeidast eit temakart som viser dei større, samanhengande naturområda og viktige forbindelseslinjer mellom dem, men påpeker samtidig at dette krev kunnskap om kor disse områda er og korleis de brukast av mennesker og dyr. NVE mener at det kan være et behov for slik kunnskap, men at dette må ses i sammenheng med kunnskapsbehov for andre tema. Dette avslører at kunnskapsgrunnlaget for den nasjonale ramma er mangelfull.
3. Om analyseområde i Hordaland: Det er fire områder i Hordaland som ble analysert, to av disse områdene ble av NVE konkludert med å vere mest egna for vindkraft. Hordaland Fylkesting sitt synspunkt er at alle dei fire opprinnelige analyseområda i Hordaland bør ekskluderast frå vindkraft på grunn av uforenelige verdiar knytt til urørt natur, unike og sårbare fjellområder og artsmangfold.
4. Kommunane sine synspunkt bør ivaretakast. Norge har forpliktet seg til å sikre lokal medverknad mellom annet gjennom Aarhuskonvensjonen, den europeiske landskapskonvensjonen og Europarådets Charter (konvensjon) om lokalt sjølvstyre. Fleire kommunar har allereie vedtak på at ein ikkje ønsker å vere inkludert i mest egnede områder for vindkraftindustri, dette gjelder mellom anna Tysnes, Kvinnherad og Etne i område 51. Kriterium for å tillate vindkraftutbygging må inkludere aksept frå kommunar som er berørt som dei mest egna områda for vindkraft.
5. Vindkraft på land er no blitt bedriftsøkonomisk lønnsamt, det bør derfor innføres eit skatte- og eierskapsregime på vindkraft lik det som er på vannkraft. Hordaland fylkesting mener derfor det bør innføres grunnrentebeskatning og heimfall. Det private eigarskapet på vindkraft på land er i dag over 80% og Hordaland fylkesting mener ein bør kreve 2/3 offentlig eierskap til vindkraftverkene. Nasjonal ramme er ikkje ein utbyggingsplan, men eit styringsverktøy for nye søknadar av vindkraft på land for ei næring som er bedriftsøkonomisk lønnsom. I et slikt terreng viskes forskjellen mellom styringsverktøy og utbyggingsplan ut.»

**Jeanette Syversen, R**, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt 1

Hordaland fylkeskommune føreset at det blir innført kommunal vetorett i samband med eventuelle nye vindkraftprosjekt i Norge.

Punkt 2

Vindmølleprosjekt til havs må ta omsyn til miljø- og fiskeriinteresser.»

**Strømmen** sitt forslag vart trekt.

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2

Hordaland fylkeskommune peiker på at vindkraft til havs har større potensial, og at det bør vera eit nasjonalt satsingsområde. Samstundes må andre interesser - inkludert både næringsinteresser og natur - ivaretakast også i høve offshore vind.

Tillegg:

Nytt punkt 6:

Hordaland fylkeskommune knyter særlege merknader til kulturminneverdiar:

a. Etne, Rosendal og indre farleia er kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

b. fjordbassenget kring Halsnøy, fjellryggen mellom Etne og Skånevik, Årbakka og området på begge sider av Lukksundet, samt Uggdalsdalen er område med høge kulturminneverdiar, som må takast omsyn til.»

## Røysting

Golis sitt forslag punkt 2 fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 1-4 fekk 6 røyster (SV, R, MDG) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 5 fekk 3 røyster (SV) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Syversen sitt forslag punkt 1 fekk 8 røyster (1A, R, 3Sp, SV) og fall.

Syversen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Golis sitt forslag punkt 6 fekk 5 røyster (MDG, V) og fall.

## Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune ser behovet for at fornybar energi og er positiv til at det vert arbeidd med nasjonale rammer for vindkraft.
2. Hordaland fylkeskommune meiner likevel at vindmøller bør utviklast til havs, og er difor imot at det etablerast rammer for vindkraft på land i Hordaland fylke.
3. Hordaland fylkeskommune vil unngå sårbar natur og landskap for friluftsliv, reiseliv og kulturminne blir utsatt for vindkraftutbygging og dermed øydelagt for framtida.
4. Hordaland fylkeskommune krev at alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for Vindkraft. Det er sær sars omfattande konflikstar knytt til planane, m.a. vedrørande regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv.
5. Den føreslåtte Nasjonalramma for vindkraft frå NVE har vesentlege manglar i utgreiinga og Hordaland fylkeskommune kan ikkje akseptere premissar og metodar som er lagt til grunn i utgreiinga.
6. Vindmølleprosjekt til havs må ta omsyn til miljø- og fiskeriinteresser.

## PS 75/19 Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020

### Forslag til innstilling

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»

3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020

### **Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 27.08.2019**

**Tom Knudsen/Roger Pilskog** sette fram slikt forslag på vegne av NHO/LO:

- «1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020»

### **Røysting**

Knudsen/Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:**

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020»

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019**

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Fremmer opp igjen yrkesopplæringsnemnda sitt forslag i sak PS 30/19 Auke gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020, punkt 1:

Skulene får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.»

### **Røysting**

Emil Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020»

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019**

### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære».
- 3 Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtaler med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære».
- 3 Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020.

## **PS 76/19 Friskulelova- fylkeskommunen sin rolle ved sanksjonar**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å få ei tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet på dei vurderingane som er gjort i forbindelse med val av reaksjonsform i sakene med Bergen Private Gymnas og Metis, der det vert særleg lagt vekt på å få tilbakemelding på kvifor dei har valt tilbakebetaling som reaksjonsform, og kva som er kriteria for dei andre reaksjonsformene deriblant å dra godkjenninga attende.

## **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.08.2019**

**Arild Borgen (R)** sette fram slikt tilleggsforslag:

«Utvalget ber om at det kommer en politisk sak der rollen til fylkets representanter i styrene til de private skolene gjennomgås.»

### **Røysting**

Arild Borgen sitt forslag fekk 2 røyster og fall (R og SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.



## **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å få ei tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet på dei vurderingane som er gjort i forbindelse med val av reaksjonsform i sakene med Bergen Private Gymnas og Metis, der det vert særleg lagt vekt på å få tilbakemelding på kvifor dei har valt tilbakebetaling som reaksjonsform, og kva som er kriteria for dei andre reaksjonsformene deriblant å dra godkjenninga attende.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019**

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Utvalget ber om at det kommer en politisk sak der rollen til fylkets representanter i styrene til de private skolene gjennomgås.»

## **Røysting**

Innstillinga vart vedteken mot 7 røyster (H, Frp, V, 1KrF) som innstilling til fylkestinget. Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

## **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å få ei tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet på dei vurderingane som er gjort i forbindelse med val av reaksjonsform i sakene med Bergen Private Gymnas og Metis, der det vert særleg lagt vekt på å få tilbakemelding på kvifor dei har valt tilbakebetaling som reaksjonsform, og kva som er kriteria for dei andre reaksjonsformene deriblant å dra godkjenninga attende.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg 1:

Utvalget ber om at det kommer en politisk sak der rollen til fylkets representanter i styrene til de private skolene gjennomgås.»

Tillegg 2:

Fylkestinget ser svært alvorlig på brudd på Opplæringsloven, der formålet er å få utbytte på penger som skulle kommet elevene i fylket til gode. Fylkestinget krever derfor at Utdanningsdirektoratet også fører ettersyn med regnskapene som er levert etter 2014, hvis dette ikke allerede foregår.»

## **Røysting**

Innstillinga vart vedteke mot 27 røyster (H, Frp, KrF, V). Syversen sitt forslag punkt 1 fekk 4 røyster (SV, R) og fall. Syversen sitt forslag punkt 2 fekk 4 røyster (SV, R) og fall.

## **Vedtak**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å få ei tilbakemelding frå Utdanningsdirektoratet på dei vurderingane som er gjort i forbindelse med val av reaksjonsform i sakene med Bergen Private Gymnas og Metis, der det vert særleg lagt vekt på å få tilbakemelding på kvifor dei har valt tilbakebetaling som reaksjonsform, og kva som er kriteria for dei andre reaksjonsformene deriblant å dra godkjenninga attende.

## **PS 77/19 Eigedom på Fløksand i Meland kommune - godkjenning av ny kjøpekontrakt**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner den vedlagte kjøpekontrakten mellom Hordaland fylkeskommune og Hui Gruppen AS for gnr. 4, bnr. 1, 25 og 63 i Meland kommune. Kjøpekontrakten er signert av Hui Gruppen AS den 30.08.2019.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019**

**Nils Marton Aadland (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem i Meland Golfklubb. Aadland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Nils Marton Aadland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 13 representantar til stades.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner den vedlagte kjøpekontrakten mellom Hordaland fylkeskommune og Hui Gruppen AS for gnr. 4, bnr. 1, 25 og 63 i Meland kommune. Kjøpekontrakten er signert av Hui Gruppen AS den 30.08.2019.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

**Nils Marton Aadland (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem i Meland Golfklubb. Aadland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Nils Marton Aadland gjekk frå under behandlinga av saka.

### **Røysting**

Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget godkjenner den vedlagte kjøpekontrakten mellom Hordaland fylkeskommune og Hui Gruppen AS for gnr. 4, bnr. 1, 25 og 63 i Meland kommune. Kjøpekontrakten er signert av Hui Gruppen AS den 30.08.2019.

## **PS 78/19 Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2019**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 3,2 % pr. 1. mai 2019 og at utrekningssgrunnlaget for politiske verv (fylkesvaraordføraren si godtgjersle) vert fastsett til kr 966 880.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 3,2 %.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.09.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

## **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 3,2 % pr. 1. mai 2019 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv (fylkesvaraordføraren si godtgjersle) vert fastsett til kr 966 880.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 3,2 %.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

### **Røysting**

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 3,2 % pr. 1. mai 2019 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv (fylkesvaraordføraren si godtgjersle) vert fastsett til kr 966 880.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 3,2 %.

## **PS 79/19 Passasjerbetaling på fylkesvegferjer med AutoPass**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan at passasjerbetaling vert innført på nytt.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019**

**Svein Halleraker (H)** sette på vegner av H og FrP fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Fylkestinget vedtek å gjeninnføre passasjerbetaling på fylkesvegferjene i kombinasjon med Autopass-systemet. Meirkostnad for bil som følgje av dagens gratisordning for personar, fell bort.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, KrF, Sp, SV, MDG og V fram slikt felles oversendingsforslag til administrasjonen:

«Misa ber administrasjonen arbeida vidare med å utgreia konsekvensane av ulike måtar å innføre passasjerbetaling, som skal vere klart til fylkesutvalet si handsaming av saka. Særleg ønskjer vi å utgreia alternativ 1 nærare. Vi ønskjer ei oversikt over konkrete kostnader knytt til alternativ 1. Vi ber administrasjonen utgreie moglegheita for løysingar der ein kjøper kontrolltenester lokalt.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 10 røyster (A, KrF, Sp, SV, V og MDG) mot 5 røyster (H og FrP) for Halleraker sitt forslag, som fall.

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til administrasjonen utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan at passasjerbetaling vert innført på nytt.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.05.2019

**Pål Kårbø (Krf)** sette på vegner av Krf, Sp, H, Frp fram slikt forslag:

Alternativ.

1. «Fylkestinget vedtek å gjeninnføre passasjerbetaling på fylkesvegferjene i kombinasjon med Autopass-systemet.
2. Passasjerbetaling skal hovudsakleg gjennomførast gjennom Skyss-app, Vipps e.likn
3. For å samordna takstregulativet i flest mogeleg fylker, så bør denne saka takast opp på neste møte i Vestlandsrådet 20.juni, jfr diskusjonen som også pågår i Møre og Romsdal.»

## Røysting

Innstillinga fekk 7 røyster (1 Krf, SV, A) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 8 røyster (1Krf, H, Frp, Sp, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

## Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek å gjeninnføre passasjerbetaling på fylkesvegferjene i kombinasjon med Autopass-systemet.
2. Passasjerbetaling skal hovudsakleg gjennomførast gjennom Skyss-app, Vipps e.likn
3. For å samordna takstregulativet i flest mogeleg fylker, så bør denne saka takast opp på neste møte i Vestlandsrådet 20.juni, jfr diskusjonen som også pågår i Møre og Romsdal.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ og tillegg:

Opprettholde fylkesrådmannen sin innstilling, samt tillegg:

Fylkestinget vedtek at minimumssatsen skal vere 1500 i staden for 3500 for å opna rabatt.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av AP og SP fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan passasjerbetaling. Ordninga vert vidareført inntil evaluering i Vestland fylkeskommune. Fylkestinget ønskjer og ei samordning av innkrevinga i vestlandsfylka, og ønskjer at det vert jobba med dette i Vestlandsrådet.

2. Fylkestinget ber om at det vert gitt signal om at avgangsfrekvensen og opningstidene ( oppstart /stans for dagen)vert oppretthalde som idag innafor teknisk og økonomisk tildelt ressurs.»

**Tor Andre Ljosland (KRF)** sette fram slikt forslag til utsetjing:

1. Fylkestinget tar saken til foreløpig orientering.
2. punkt 3 i innstillingen.

## **Røysting** (til utsetjing)

Innstillinga fekk 0 røyster.  
Ljosland sitt forslag var samrøystes vedteke.

Det vart presisert at saka er behandla med utsetjing og at den kjem opp att til behandling i fylkestinget i oktober.

## **Vedtak**

1. Fylkestinget tar saken til foreløpig orientering.
2. For å samordna takstregulativet i flest mogeleg fylker, så bør denne saka takast opp på neste møte i Vestlandsrådet 21.juni, jfr diskusjonen som også pågår i Møre og Romsdal.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan at passasjerbetaling vert innført på nytt.
2. Fylkestinget ber om at minimumsinnbetalingen skal vere 1500 i staden for 3500 for å opna rabatt.»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome attende med sak om innføring av passasjerbetaling på fylkesvegferjene. Inntektene skal bidra til redusert betaling for personbil, og ordninga skal vere provenynøytral.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gå i dialog med andre relevante fylkeskommunar for å drøfte felles system for innkreving av passasjerbetaling.
3. Dersom innkrevingskostnadane vert vesentlige, slik at reduksjonen i betaling for bilistar vert marginale, ber fylkesutvalet om at det også vert lagt fram sak der det vert sett eit tak på talet passeringar per kalendermånad. Taket kan til dømes vere tilsvarende dagens kostnadar for dagpendlarar.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt

Hordaland fylkesting ber Staten gå gjennom takstregulativet for ferjer, og å redusera dette, for å kompensera kostnadsauken Autopass ferje har gitt.»

## **Røysting**

56 representantar til stades.

Fylkesordførar legg fylkesutvalet si innstilling til fylkestinget 12.-13.06.2019 til grunn for røystinga.

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Hammer sitt forslag punkt 1 fekk 31 røyster (A, 3KrF, SV, R, V, MDG) og vart vedteke.

Bjørkly sitt forslag fekk 25 røyster (H, Frp, Sp, 2KrF) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Bondhus sitt forslag fekk 49 røyster (A, Sp, KrF, SV, V, R, MDG, H) og vart vedteke.

## Vedtak

1. Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan at passasjerbetaling vert innført på nytt.
2. Fylkestinget ber om at minimumsinnbetalingen skal vere 1500 i staden for 3500 for å opna rabatt.
3. Hordaland fylkesting ber Staten gå gjennom takstregulativet for ferjer, og å redusera dette, for å kompensera kostnadsauken Autopass ferje har gitt.

## PS 80/19 Ymse

### Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

#### ORDSKIFTE ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 7 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiftet vart det sett fram forslag om 3 fråsegner:

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt forslag til uttale til nye Vestland fylkesting:

«I går, 30.september, la regjeringsoppnemnde kraftskatteutvalet fram si utgreiing for finansminister Siv Jensen (FrP). Denne utgreiinga har alt vakt sterke reaksjonar. Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) sitt første nettsideoppslag har tittelen: "Kommunale kraftinntekter utraderes!". Ei rekkje ordførarar i dei 175 kraftkommunane, m.a. her i Hordaland, kalla utgreiinga ei krigserklæring og har varsla politisk kamp mot fleire av tilrådingane frå utvalet. Utvalet foreslår m.a. slutt på dagens ordning med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft. Dette vil og påverke fylkeskommunane sin økonomi, ikkje minst i det som vil bli kraftfylke nr. 1, Vestland. Utvalet foreslår og endringar i eigedomsskatten som kan føre til at kommunale inntekter går ned frå 1550 millionar til 550 millionar.

Slike forslag vil kunne gå utover dei mange distriktskommunane som har stilt sine naturressursar til rådvelde for ein mykje større del av det norske samfunnet. Vasskraftkommunane vil kunne misse ein stor del av det vederlaget kommunane til no har fått. Ei slik utvikling vil gå hardt utover dei kommunale tenestene i Distrikts-Noreg – noko som vil forsterke avfolking og sentralisering.

Hordaland fylkesting tar avstand frå ein slik politikk, og vil arbeide for at vasskraftkommunane får behalde sine inntekter.

Hordaland fylkesting vil difor oppmode det nye Vestland fylkesting om å invitere representantar frå LVK til å kome på det første ordinære fylkesting for å informere grundig om kraftskatteutvalet si innstilling, slik at det nye fylkestinget får kunnskapsgrunnlag til å kunne vedta ei grundig høyringsfråsegn innan fristen som er sett til 1.1.2020.»

Syversen trekte uttala.

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram forslag til uttale om «Oppretthald ressursfordelinga» på vegner av Sp, A og SV finansdepartementet og Hordalandsbenken.

Fylkestinget tok stilling til om forslaget til uttale skulle settast på sakskartet.

Det var 56 representantar til stades.

Fylkestinget vedtok samrøystes at forslaget til uttale skulle settast på sakskartet. Det vart gjort slik:

- PS 81/19 Oppretthald ressursfordelinga

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag til uttale til samferdselsdepartementet og Hordalandsbenken:

**«Auka satsing på rassikring, vedlikehald av veg og jernbanenett og berekraftige miljø- og klimatiltak.**

Fylkestinget i Hordaland syner til uttale frå konstituert vegdirektør Bjørne Grimsrud i statens vegvesen om at dei jobbar med prioritering av tiltak i arbeidet med rullering av NTP mellom anna å utsette planane om ferjefri E39 på enkelte fjordkryssingar.

Ei sterkare prioritering av ressursar og tiltak vil gje auka økonomisk handlingsrom til å løysa dei mest presserande utfordringane ein har på transportsektoren nasjonalt og lokalt.

I den samanheng syner fylkestinget til vedtak i fylkesutvalet den 2. mai 2019 og Hordaland sitt høyringsvar til arbeidet med rullering av Nasjonal transportplan for 2022-2033.

Det nye Vestland fylke har særlege utfordringar innan transportsektoren, desse er til hinder for god og trygg transport for næringsliv og befolkning, for verdiskapinga og gjev klimamessige utfordringar. Store delar av fylket er prega av vanskelege kommunikasjonsforhold med høg rasfåre, låg vegstandard og mange utrygge vegar og jernbanestrekk. Arbeidet med rullering av NTP for 2022-2033 må løysa desse utfordringane på ein betre måte enn dei prioriteringane som er gjort i gjeldande plan.

Næringsliv og befolkning må kunne sikra sitt mobilitetsbehov med trygge, effektive og klimavenlege transportformer og infrastruktur som byggjer opp om dei overordna målsettingane.

Som følgje av klimaendringane ser vi hyppigare tilfelle med skred og flaum. Alle riks- og fylkesvegar og jernbanestrekningar i skredfarekategori høg og middels må sikrast mot skred. Det må bli utarbeida ein nasjonal plan for gjennomføring av skredsikring slik det er foreslått av «nasjonal rassikringsgruppe», og at dette vert innarbeida i Nasjonal transportplan.

Vestland fylke har eit dokumentert etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet på 13 milliardar kroner. I samband med NTP 2022-2033 må det sikrast tilstrekkeleg med midlar for å stoppe og redusere forfallet på riks- og fylkesvegnettet, inkludert bruer og tunellar. Fylkeskommunen må setjast i økonomisk stand til å ivareta vegeigaransvaret på ei god måte, og å ha handlingsrom til å stoppe og å redusere forfallet på fylkesvegnettet.

Reduksjon av klimagassutslepp innan samferdselssektoren må bli sentralt i Nasjonal transportplan 2022-33. Hordaland Fylkeskommune har teke store løft innan fornying og elektrifisering av ferjer, utbygginga av bybane og vil arbeida for låg- og nullutsleppsteknologi for bussar og hurtigbåtar. Dei auka kostnadane knytta til denne satsinga vert ikkje kompensert gjennom auka inntekter for fylket og dette må endrast i dei komande statsbudsjetta.

Byvekstavgiftane må vidareutviklast og bidra til å redusere transportmengda og endre transportmiddelfordelinga, i tillegg til å avgrensa arealbruken. Dagens ordning for finansiering av avtalen gjennom statleg tilskot og bompengar er ikkje berekraftig og må endrast. «Nullvekstmålet» som er sett for m.a. Bergensområdet vil krevja store investeringar i miljøvenlege transportformer for kollektivtrafikken og tiltak for syklande og gåande. Det må etablerast betre støtteordningar dersom fylkeskommunen skal kunne gjennomføra ytterlegare tiltak.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle settast på sakskartet.

Det var 56 representantar til stades.

19 av representantane (Frp, H) røysta mot at forslaget skulle settast på sakskartet. Forslaget vart dermed ikkje sett på sakskartet, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

## PRESENTASJONAR

Manager Frode Løvlie frå Deloitte presenterte forvaltningsrevisjon innan transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga) og revisjonsrapport for selskapskontroll av Bybanen AS.

## PS 81/19 Oppretthald ressursfordelinga

### Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag til uttale på vegner av Sp, A og SV til finansdepartementet og Hordalandsbenken:

#### «Oppretthald ressursfordelinga!

Kraftskatteutvalet la fram sin rapport 30. september 2019. Utvalet har i si utgreiing foreslått å avvikle ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgift, samt å redusere eigedomsskatten på vasskraftanlegg.

Det er i dag vasskraftproduksjon i 175 distriktskommunar, ein produksjon som heile landet er avhengig av.

Hordaland fylkesting kan ikkje akseptere ei omfordeling av inntekter frå kommunar og fylker til staten. Ved endringar i kraftbeskatninga må kommunar og fylke kompensereast 100%. t.d. gjennom auke i naturressursbeskatninga.

Vasskraftkommunane har gjennom fleire generasjonar avstått naturressursar og areal til vasskraftutbygging. Kommunar og fylkeskommunar har hatt eit rettmessig krav på ein del av verdiane som er skapt.

Kommunar/fylkeskommunar har gjennom eit godt samarbeid med grunneigarar, utbyggarar og staten stilt ressursane til disposisjon for storsamfunnet, og det er difor eit krav at desse distrikta får dette kompensert gjennom inntekt. Å avvikle ordningane no utan full kompensasjon er uholdbart, og vil føre til ei ytterlegare sentralisering der verdiane vert flytta frå distrikta til sentrale strom.

Den samla omfordelinga frå kommunane til staten er av utvalget rekna til 3,6 milliarder kroner, og 4 milliardar kroner om ein tek med fylkeskommunane.

For vertskommunane er forslaget eit fundamentalt løftebrudd. Forslaget om å oppheva ordningane som lovfestar kommunane sitt rettmessige krav på ein andel av vasskraftverdiane no - etter at stordelen av vasskrafta er bygd ut - er eit dramatisk brot på den samfunnskontrakten som har eksistert mellom stat, kraftutbyggarar og vertskommunane i meir enn 100 år. Forslaget vil føra til massiv motstand mot fornuftige rehabiliteringar og potensielle utbyggingar i framtida.

Kraftskatteutvalet vart sett ned etter krav frå bransjen, som har bedt om endringar av grunnrenteskatten. Dette fordi dagens grunnrenteskatt har vore eit hinder for naturlege oppgraderingar av eldre vasskraftverk og effektutbygging. Kommunane og fylkeskommunane har støtta bransjen i dette kravet. No kjem utvalet med ein konklusjon som eksplisitt råkar inntektsgrunnlaget for kommunar og fylke. Grunnrenteskatten vert verande som tidlegare, samtidig som ein fjernar dei lokale inntektskjeldene frå konsesjonsavgift og konsesjonskraft, samt reduserer den kommunale eigedomsskatten.

Å fjerna vasskraftkommunane sitt inntektsgrunnlag vil vere med å rasere tenestetilbodet i desse kommunane.



**Hordaland fylkesting ber difor Regjeringa allereie no garantere kommunar og fylke 100% kompensasjon ved eventuelle endringar av kraftskatteregimet.**

Vestland fylkeskommune kjem attende med ordinær fråsegn til NOU 2019:16 Skattlegging av vannkraftverk i den ordinære høyringsrunden.»

**Røysting**

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

**Oppretthald ressursfordelinga!**

Kraftskatteutvalet la fram sin rapport 30. september 2019. Utvalet har i si utgreiing foreslått å avvikle ordningane med konsesjonskraft og konsesjonavgift, samt å redusere eigedomsskatten på vasskraftanlegg.

Det er i dag vasskraftproduksjon i 175 distriktskommunar, ein produksjon som heile landet er avhengig av.

Hordaland fylkesting kan ikkje akseptere ei omfordeling av inntekter frå kommunar og fylker til staten. Ved endringar i kraftbeskatninga må kommunar og fylke kompensert 100%. t.d. gjennom auke i naturressursbeskatninga.

Vasskraftkommunane har gjennom fleire generasjonar avstått naturressursar og areal til vasskraftutbygging. Kommunar og fylkeskommunar har hatt eit rettmessig krav på ein del av verdiane som er skapt.

Kommunar/fylkeskommunar har gjennom eit godt samarbeid med grunneigarar, utbyggarar og staten stilt ressursane til disposisjon for storsamfunnet, og det er difor eit krav at desse distrikta får dette kompensert gjennom inntekt. Å avvikle ordningane no utan full kompensasjon er uholdbart, og vil føre til ei ytterlegare sentralisering der verdiar vert flytta frå distrikta til sentrale strok.

Den samla omfordelinga frå kommunane til staten er av utvalget rekna til 3,6 milliarder kroner, og 4 milliardar kroner om ein tek med fylkeskommunane.

For vertskommunane er forslaget eit fundamentalt løftebrudd. Forslaget om å oppheva ordningane som lovfestar kommunane sitt rettmessige krav på ein andel av vasskraftverdiane no - etter at stordelen av vasskrafta er bygd ut - er eit dramatisk brot på den samfunnskontrakten som har eksistert mellom stat, kraftutbyggjarar og vertskommunane i meir enn 100 år. Forslaget vil føra til massiv motstand mot fornuftige rehabiliteringar og potensielle utbyggingar i framtida.

Kraftskatteutvalet vart sett ned etter krav frå bransjen, som har bedt om endringar av grunnrenteskatten. Dette fordi dagens grunnrenteskatt har vore eit hinder for naturlege oppgraderingar av eldre vasskraftverk og effektutbygging. Kommunane og fylkeskommunane har støtta bransjen i dette kravet. No kjem utvalet med ein konklusjon som eksplisitt råkar inntektsgrunnlaget for kommunar og fylke. Grunnrenteskatten vert verande som tidlegare, samtidig som ein fjernar dei lokale inntektskjeldene frå konsesjonsavgift og konsesjonskraft, samt reduserer den kommunale eigedomsskatten.

Å fjerna vasskraftkommunane sitt inntektsgrunnlag vil vere med å rasere tenestetilbodet i desse kommunane.

**Hordaland fylkesting ber difor Regjeringa allereie no garantere kommunar og fylke 100% kompensasjon ved eventuelle endringar av kraftskatteregimet.**

Vestland fylkeskommune kjem attende med ordinær fråsegn til NOU 2019:16 Skattlegging av vannkraftverk i den ordinære høyringsrunden.